



Selma Eik med ein av dei mange bunadane ho har laga (arkivfoto)

Aktivitetshusets Damevenner har hatt gåande eit lotteri med ein flott gutebunad som gevinst. I samband med julemarknaden fredag vart denne trekt, og frå Aktivitetshusets Damevenner har vi motteke følgjande hyggelege melding:

Hei,

Aktivitetshusets Damevenner har trekt ut vinnaren av den flotte gutebunaden som Selma Eik gav oss, og vinnaren blei: Johanna Yri. Vi gratulear så mykje! Selma Eik stod sjølv for trekkinga og Edit Kjærland, Ingrid Kroka og Klara Bakke var vitner.

Vi solgte lodd for Kr. 13055,- og takkar alle som tok lodd for støtta.

MVH
Anita Enæs
For Aktivitetshusets Damevenner